

104 ¹ Tone: Paal sine høner paa haugen
utsleppte.

Jordi som Gud i sin visdom hev laga
er no so grepa til bustad for os
Naar saag me henne ho slingra aa raga
Naar hev ho sovna aa svikje sin kos
Naar hev ho *tverka* aa naar let ho illa
Hev ho kje trufast paa akslingen trilla
Naar vart ho tulla aa kom uti villa
Kven so hev set ne i knipa for los.

Jordi som Gud i sin almagt hev skapa
Skulle ein vyrda i æra aa takk.
Aller um Gudsverkje skravla aa apa
Himmelens velgjerd den allestad rakk.
Alle ihop me maa sanna aa aa saka
Kor me er hoga te velja aa vraka
Inkje med takksemd taka vor kaka
Takkelaus eta aa takkelaus drakk.

Jordi so Gud i si godheit hev varda
Straumar aa flaumar av signing aa sol
Tusinde heimar med grender a garda
Muldvarpegongar aa bamsar sitt bol
Maura i tua aa alle smaa *krjupi*
Alle smaa fiskarna nere i djupi
Kvar paa sin heimstad i livd under stupi
Kviler kje alle paa silkjeklædd stol

Eg er no gamal aa du min *collega*
Sig vel framunder ein otteti aar
Seg meg um du heve nokotid trega
Paa at vorherra hann styre aa raar.
Du heve arbeidt aa du heve slete
Fengje so mykje men aller haurt gjete
Betaling for da du hev drykkje aa ete
Sutelaus hausta aa sutelaus saar.

Etter eit ruskever godver me venta
Etter eitt godver daa ruskever att
Soleisna faar ein baa summa aa renta
Sovorn styrenad vorherra hev hatt.
Soleisna faar vel han storefar stella,
Haa er no grepa te auka aa fella.
Aller i *ustundi* knurra aa skjella
Herre han er yver dag yver natt.

Lidi seg fløytrar det revnar i skye
Flokarna kjeme i fælände fart.
Stormar aa tutar me haglbrest aa byge
Kunde nok henda at rædde me vart.
Daa naar det byrjar te tordna aa lyna
Daa naar han byrjer sin herlegdom syna
Daa i almagt han noko kan tyna
I ei slik *breæsa* so fælände snart.

Alle me røyna vo herre sin styrna
Ruta er skjepa frå eveleg tid
Berre me hadde den heilage vyrdna
For heila hans yrkje er signing uti.
Jordi ho heve sitt gloria fengje.
Faa ifraa skapelsen det so ho trengje.
Derfor me skulle paa kjærleikens vengje
Prisa vor skapar i fuld harmoni.